



Aurland kommune

-det naturlege valet



Velkommen til Aurland

Tenk kor heldige me er som fritt kan velje utdanning, aktivitets-nivå og livsstil. Tenk og kor heldige me er som fritt kan velje kor me vil arbeide og busetje oss blant alle dei flotte kommunane i landet, – alle med sine særtrekk, sine styrkar og sine utfordringar.

Brosjyra du no er i ferd med å åpne er laga for å fange akkurat di interesse. Enten du allereie bur i kommunen, om du er på leit etter arbeid og buplass eller kun drøymer om ein kommune som harmonerer med dine interesser, så er du hjarteleg velkommen til oss.

Aurland kommune treng innbyggjarar som kan hjelpe oss med å fylle kompetansetrongen innan det offentlege, men også i spanande private næringer som til dømes kraftproduksjon, reiseliv og ulike handverksfag.

Me tilbyr spanande jobbar, bustadtomter, gode fritidstilbod, gode offentlege tenester, vakker natur, pulserande næringsliv og ikkje minst: imøtekommande og rause innbyggjarar.

Har me kveikt interessa for Aurland?
Ta gjerne kontakt, så får du vite meir.

Beste helsing
Trygve Skjerdal
ordførar





Sjå filmen

Aurland kommune – mellom fjord og fjell

Aurland kommune har 1766 innbyggjarar og eit areal på 1 467,7 km² og ligg vakkert til mellom fjord og fjell.

Kommunen grensar til Vik i nord, Lærdal i nord og aust, Hol i aust, Ulvik i sør og Voss i vest. E16 forbind Aurland med Oslo og Bergen.

Kommunen består av administrasjonssenteret Aurlandsvangen og bygdene Undredal, Gudvangen og Flåm.

Aurland ligg i eit av dei vakraste fjordlandskapa i Noreg, med Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden som er på Unescos verdsarvliste

Den verdskjente Flåmsbana går igjennom Aurland. I tillegg har vi Lærdalstunnelen som er verdas lengste vegg tunnel.

Vi er bortskjemte med vakker natur og ville fjell – den høgaste toppen er Blåskavlen på 1 809,2 meter over havet.

Turisme er den viktigaste næringsvegen i kommunen vår, saman med arbeidsplassar i jordbruk og energiverk, helse og oppvekst. Sentrum i kommunen er kompakt med mange butikkar, restaurantar og service tilbod.

Naturen er tett på uansett kor kommunen du er. Ta deg ein tur på fjorden eller på ein av dei mange fjelltoppane. Varierte og mektige naturopplevingar ventar på deg rundt kvar ein sving.

Med storstått natur, eit variert tilbod av kultur- og fritidsaktivitetar, stort lokalt engasjement, eit godt barnehage- og skuletilbod og eit næringsliv i utvikling, er Aurland ein trygg og attraktiv stad å wbusetje seg.



Flåm

Flåm ligg innerst i Aurlandsfjorden og har om lag 400 innbyggjarar, eigen barnehage og skule. Den viktigaste næringsvegen er turisme, og Flåm er ei av Noregs største cruisehamner. Den verdskjente Flåmsbana går mellom Flåm ved fjorden og Myrdal stasjon på Bergensbanen.

Myrdal stasjon

Myrdal er ein jernbanestasjon på Bergensbanen og er endestasjon for Flåmsbana. Stasjonen ligg 867 meter over havet og er utan vegsamband. Den gamle rallarvegen opp frå Flåm er i bruk som sykkelveg i sommarhalvåret. Vatnahalsen høgfjellshotell ligg ein km frå stasjonen.



Gudvangen

Gudvangen ligg inst i Nærøyfjorden og har knapt 100 innbyggjarar. Gudvangen er ei populær hamn for cruise-skip. Bygda er kjent for den høge Kjelfossen og utvinning av mineralet anortositt. E16 mellom Oslo og Bergen går gjennom Gudvangen.

Undredal

Bygda Undredal ligg ved vestsida av Aurlandsfjorden, mellom innløpet til Nærøyfjorden og der Aurlandsfjorden svingar sørvestover til Flåm. Bygda har butikk, post, ysteri og unike Undredal stavkyrkje frå 1100-talet. Undredal er knytt til E16 gjennom fylkesveg 601. Passasjerbåten som går mellom Flåm og Gudvangen går innom Undredal ved behov.





Dyrdal

Dyrdal strekkjer seg i retning nordvest frå vestsida av Nærøyfjorden. Nede ved fjorden ligg gardane Arnehus og Dyrdal. Dalen ender opp på fjellet Handadalseggi, 1 453 meter over havet. Grenda er kjend for det særprega klyngetunet nede ved fjorden og for eit gjestfritt miljø for turfolk på fjellgarden Drægo. I grenda som ein gong hadde langt over hundre innbyggjarar, finst det ikkje lenger gardar i drift.




Styvi

Styvi er ein gard på austsida av Nærøyfjorden. Her har det truleg vore gardsdrift og husdyrhald sidan før Svartedauden. På Styvi gardsmuseum kan ein lære om gamle reiskapar og gardsdrift i eldre tid. Styvi har ikkje vegsamband til omverda, men det går ein gangveg fem og ein halv kilometer innover fjorden til omrent på høgd med Bakka.




Bakka

Bakka ligg på vestsida av Nærøyfjorden, om lag fem kilometer frå Gudvangen og E16. Bygda er kjent for Bakka kyrkje. Den 1,7 kilometer lange Bakkatunnelen knyter bygda til Gudvangen.



Vassbygdi

Grenda Vassbygdi ligg ved Vassbygdvatnet i Aurlandsdalen. Her ligg eitt av kraftverka i Aurland (Aurland I) og administrasjonen av kraftstasjonane (E-CO Energi AS). Riksveg 50 Aurland-Hol går forbi bygda.



Kommunesenteret Aurlandsvangen

Aurlandsvangen er administrasjonssenter i Aurland kommune. Her finn du barnehage, skule, helse- og omsorgstenester for dei rundt 800 innbyggjarane. Tettstaden ligg på austsida av Aurlandsfjorden der Aurlandselvi renn ut i fjorden, cirka ti kilometer nordaust for Flåm og cirka 32 kilometer søraust for Lærdalsøyri (gjennom Lærdalstunnelen).





Ei lokal hjørnesteinsbedrift
– og togreise
i verdsklasse



Velkommen om bord
**Kvar dag
- heile året**

(+47) 57 63 21 00
flaamsbana@visitflam.com
www.flamsbana.no





Ragnhild – ein heimflyttar

Etter mange år på Austlandet, flytta Ragnhild tilbake til heimkommunen saman med mann og barn. Som så mange andre, flytta ho heimanfrå for å gå på skule og studium i Oslo og Bergen. Men etter kvart melde det seg ei lengsle etter å flytta heim att. Til familien der, til fjorden, naturen og eit ønske om at barna hennar skulle få oppleva den same tryggleiken og nærlieken, det å vera ein del av eit lite, men godt samfunn. Dette er eit val ho ikkje har angra på.

Oppmodinga hennar til andre som går og lurer på det same, er: berre gjer det!



**Vi takkar våre
samarbeidspartnarar**

**FJORD
SAUNA**

www.fjordsauna.no

**Dampande heitt + fjordbad?
Flytande sauna i Flåm!**





Oppvekst og helse

I Aurland kommune har me to kommunale barnehagar: Aurland barnehage og Flåm barnehage. Det er også ein privat driven barnehage: Spiren gardsbarnehage. Aurland barne- og ungdomsskule ligg flott til mellom kommunen sine idrettsanlegg og berre nokre hundre meter frå Aurlandsvangen.

Skulen har SFO-tilbod for 1.–4. steg. I Flåm er det skule for 1.–7. steg. På Aurland helsetun er det heildøgnstilbod med tre avdelingar. Eit opphold i helsetunet er eit heildøgnstilbod i institusjon med helsepersonell tilgjengeleg heile døgnet.





**FLÅM
ZIP
LINE**



Flåm Zipline – Nordens lengste zipline, 1381m lang.

post@flaamzipline.no / mob. 482 09 520

#flaamzipline



Aktiv fritid for alle

I Aurland kommune arbeider vi saman for å skape gode oppvekstvilkår og eit rikt fritidstilbod i eit trygt nærmiljø. Kommunen har eit godt skule- og barnehagetilbod, samt idrettshall og kulturskule med varierte tilbod. Omringa av vakker natur, fjord og fjell, er Aurland perfekt for deg som likar friluftsliv. Her finn du også varierte kultur- og fritidsaktivitetar. I Aurland har vi noko for alle.

Idrett og friluftsliv

I Aurland har vi aktivitetar som klatring, boksing, styrketrening, fotball, handball, innebandy, aerobics/step og dykkeklubb. Vi har ein stor fleirbrukskall, Aurlands-hallen, med trimrom, symjehall og skytehall. Vi tilbyr barnetrim frå fire års alder til og med fjerdeklasse.



I tillegg til Aurland Idrettslag har vi skyttarlag, songlag, spelemannslag, trekkspelklubb, grendalag, velforeining, pensjonistlag og bygdekvinnelag.

Aurland turlag er eit lokallag under DNT. Her kan du bli kjent med andre turglade og delta på Bakketrimmen og Onsdags-turar. Laget arrangerer også turar og aktivitetar for barn. Det er berre å melde seg på her: <https://www.facebook.com/Aurlandturlag>

Musikk, song og dans

Aurland kulturskule gir opplæring i musikkinstrument, vokal/song, band, dans, og andre kulturfag til elevar i alle aldrar.

Aurland kulturskule skal arbeide for å styrke den kulturelle fellesskapen i Aurland kommune. Barn og unge skal få høve til å utvikle og presentere dei kreative evnene sine gjennom musikk-

og kunstopplevingar, utan omsyn til alder eller funksjonsnivå.

Aurland spelemannslag er eit aktivt folkemusikkmiljø som mellom anna tilbyr kurs, samspelgrupper og musikkverkstad.

Brassbandet Flåm musikklag bidreg gjerne med musikk og underhaldning på ulike tilstelningar i kommunen.

Oversikt over alle organisasjonar og lag finn du på kommunens nettside: <https://www.aurland.kommune.no/lag-og-organisasjonar.161745.nn.html>

Kommunen legg rette for at barn og ungdomar skal få gå på fritidsklubb på ettermiddag og kveldstid. Me har eigne lokalar med til dømes biljard, Dj-rom, dansegulv, aktivitetsrom, spelrom og kiosk.

**HAUGEN
GARDSMAT**

Berekraft i praksis

Reint AS

Onstadvegen 25 (Fjordsenteret), 5745 Aurland
Tlf. 57 63 16 00 • E-post: post@reintas.no • www.reinas.no



VANGSGAARDEN GJESTGIVERI

Hotellrom - Rorbuer - Gastropub



post@vangsgaarden.no | www.vangsgaarden.com | facebook.com/Vangsgaarden
Tel. +47 57 63 35 80 | Fax +47 57 63 35 95 | 5745 Aurland

**coop
marked**

Hos oss finner du også
Post, Postnord, Tipping og medisinutsalg



Eit reiseliv i vekst

Aurland kommune har eit variert næringsliv. Aurland er frå naturen si side ein ressursrik kommune, der vasskraftproduksjonen saman med jordbruket har vore bærebjelkane for kommunen sitt næringsliv gjennom det siste hundreåret.

Jordbruket, med hovudvekt på geit og sau, står framleis sterkt og har stor betydning for å oppretthalde busetnaden rundt om i bygdelaga.

Reiselivsnæringa er i sterk framvekst. Turisttrafikken gjev grunnlag for fleire

tilbod og næringsutvikling i området. Flåmsbrygga, Flåm camping og hostel og det historiske hotellet Fretheim hotell i Flåm er saman med Vangsgaarden gjestgiveri og Aurlandsfjord hotell i Aurland døme på dette. I tillegg har me **serverings og/eller overnattingsstadar** i fjellheimen. Cafe Rallaren og Østerbø fjellstove gjer service i frodig fjellnatur.

Aurland er ei naturperle og ideelt for **ski- og fjellturar, jakt og fiske**. Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er kjende for sine spektakulære fjell- og fjordlandskap og er tatt med på Unescos verdsarvliste. Det er kort veg til Myrdalen, Vatnahalsen, Sogndal og Hemse dal om du likar å gå langrenn eller vil i slalåmbakken. Vil du nyte god mat har me restaurant, kafé, bryggeri og bakeri.

Aurland kommune har elles eit variert næringsliv med ei rekke **servicebedrifter** innan bygg, anlegg, elektro, rør, handel m.m. Det er fleire overnattingsstader, matbutikk, konditori, pub, skofabrikkutsal og eit glasblåseri med utsal.


Frå Aurlandsvangen går det buss til dei fleste attraksjonane ved og rundt fjorden.

Den karakteristiske **Aurlandskoen** har vore i produksjon sidan 1930-talet. Aurland hadde på eit tidspunkt heile 19 ulike skofabrikkar med 100 tilsette. I dag er Aurland Skofabrikk den einaste staden som lagar skoen som er kjent som «the original penny loafer».

I Undredal er **osteproduksjon** knytt til lokal historie og identitet. På det familie-drive Undredal stølsysteri blir det produsert både brunost og kvitost. Osten blir laga av fersk geitemjølk. Som første norske ysteri er Undredal autorisert for produksjon og sal i heile Europa. I Undredal ystar dei ost etter gammal tradisjon – i eit unikt samspele mellom natur, menneske og dyr.

Kraftverket i Vassbygdi er Norges tredje største. Kraftverket er også kjent som Aurland I. Peltonturbinane var verdas største i sitt slag da verket vart bygd.

Aurland Energiverk leverer kraft kun innanfor områdekonsesjonen og sørger for konkurransedyktige prisar til husstandar i Aurland kommune. Kraftstasjonen **Hafslund ECO** bidreg med mange arbeidsplassar i Aurland kommune.



— HOTELL – RESTAURANT —



41 rom, balkong & fjordutsikt, møterom



Innhaldsrike menyar, perfekte selskapslokale

FLÅMSBRYGGA



Variert kafémeny, stor terrasse



Vikingstil, ølsmaking, vikinginspirert meny

— KAFÉ – BRYGGERIPUB —



Prisvinnande handverks-bryggeri med breitt utval



**GUDVANGEN
STEIN**
- ANORTOSITT GRUVE -

Gudvangen Stein AS er eit gruveselskap med 17 ansatte som tar ut bergarten Anortositt.

Anortositten blir brukt i steinull produksjon og som asfalttilslag. Gudvangen Stein AS leverer med skip til 17 fabrikker i Europa. I 2021 var produksjonen på 500 000 tonn. Det har vore uttak av anortositt i Nærøydalen siden 1956.



Flåmsdalen

Flåmsdalen er 18 km lang og går fra botnen av Aurlandsfjorden, mellom bratte fjell med toppar på opp til 1 700 m over havet, opp til Myrdal stasjon på Bergensbanen. Dalen har spreidd busetnad.

Den øvste garden ligg 480 m.o.h. Gjennom dalen renn Flåmselva, som er varig verna mot vannkraftutbygging. Nedst i dalen står Flåm kyrkje fra 1667. Den unike naturen i Flåmsdalen trekker til seg turistar fra heile verda. Både på Fretheim og Vatnahalsen er det turisthotell. Det går jernbane fra Flåm opp til Myrdal stasjon (866 m.o.h) på Bergensbanen.

Ein eldre veg er sett i stand som sykkel- og turveg. I Flåmsdalen kan du ta nordens lengste zipline om det fristar med ei luftig oppleving med nydeleg utsyn over dalen.

Flåmsbana – verdas vakraste togreise?

Flåmsbana er omtalt som ei av verdas vakraste togreiser av fleire internasjonale reisemagasin. Reisa går fra havnivå ved enden av Aurlandsfjorden og opp til Myrdal Stasjon på 867 m.o.h.

Toget stoppar på Kjosfossen, der du kan nyte utsikta frå plattformen. Den 20 km lange strekninga vart ferdigstilt i 1940, og er ei av dei brattaste toglinjene i verda, med heile 20 tunnelar. Turen går gjennom variert landskap, i uframkommeleg fjellterring, forbi jordbrukslandskap og gamle Flåm sentrum. Store delar av turen kan du følgje elva, og det dukkar opp små gardar undervegs. Toget går langs den gamle anleggsvegen som i dag er kjent som Rallarvegen og er ein populær sykkeltur frå Finse til Flåm.

Turistar frå heile verda kjem for å sjå den spektakulære Flåmsdalen og Flåmsbana.



Norway's™ best_

I Norway's Best er me ein gjeng engasjerte menneske med eit felles mål om å ta reiselivet til nye høgder.

Me jobber ordentleg hardt innimellan, men har også rom for å hyggje oss og ha det moro. Hjå oss får du ein arbeidsplass der du kan kjenne deg heime, kan engasjere deg og vekse saman med dine kollegaer.

Har du lyst å bli med på laget?

Ledige stillinger

norwaysbest.com





Vandring i vill og vakker natur

Den storslagne Aurlandsdalen er eit av Noregs vakraste landskap, med stup-bratte fjell, mektige fossar, djupe elver og panoramautsikt frå toppane. I dalen finst det nesten 500 sortar planter, mellom anna den sjeldne Fjelldronninga.

På vandring gjennom dalen kjem du over nedlagte gardar og gamle stolar som minner deg om livet slik det eingong var her. Det har truleg vore handels- og ferdelsvegar her så tidleg som i vikingtida.

I dag er turen mellom Østerbø og Vassbygdi ein populær fottur på 19 km (ca. 6 timer), med ein høgdeforskjell på 750 m. Dette er den siste etappen av ein 3-4 dagars tur gjennom Aurlandsdalen med start på Finse (T-merka løype).


Her vandrar du gjennom kulturlandskapet, forbi nedlagte gardsbruk som Nesbø, Sinjarheim og Almen, og forbi Nesbøgalden, Berekvamsbrennevinet, Bjørnestigen, Likbjørka og Vetlahelvete. Bak alle desse namna skjuler det seg historier. Aurlandsdalen er også kjent som Noregs «Grand Canyon»!

Aurland kommune kan by på fleire flotte fjellturar med fantastisk utsyn, som til dømes Bakkanosi, Beitelen, Rimstigen, Prest og Hovdongo.



HYTTER, ROM OG CAMPING sentralt i Flåm

Nedre Brekkevegen 12, 5743 Flåm
Tlf. +47 94 03 26 81
E-post: camping@flaam-camping.no
www.flaam-camping.no



FLÅM CAMPING & HOSTEL

Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden

Fjordane i Aurland er blant Noregs vakraste og mest spektakulære. Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden er to av mange fjordarmer i den 204 kilometer lange Sognefjorden. I 2005 vart Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden ein del av Unescos verdsarvliste saman med Geirangerfjorden. Nærøyfjorden er faktisk verdas smalaste fjord, 19 km lang og kun 250 meter på det smalaste. Langs fjorden finst stupbratte fjellsider, spektakulære fossefall og fleire små gardar utan vegsamband. Her er både naturen og kulturlandskapet bevart. Langs den 17 km lange Aurlandsfjorden ligg dei små bygdene Flåm, Aurlandsvangen og Undredal. Du kan ta eit fjordcruise eller bli med på fjordsafari for å komme endå nærmare naturen.

Sjå meir på nett: <https://vestnorskfjordlandskap.com/>



Vestnorsk
fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitenskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap



Sogn
SPAREBANK

Me er lokalbanken for innbyggjarane og kommunane i Sogn. Med god lokalkunnskap, stor fagleg kompetanse, effektive avgjerder og med kunden i fokus er målet å vere ein solid og framtidsrettet lokalbank som spelar på lag med lokalsamfunna og lokale verksamheter. Banken er også ein spennande arbeidsplass med gode utviklingsmøgleteheter.

Sogn Sparebank er styrt frå Sogn, og me er opptekne av å bidra til levande lokalsamfunn og støtte oppom lag og organisasjonar, festivalar og arrangement, og andre positive allmennytige tiltak i vårt område.

Sogn Sparebank
nær – sutalaus – medspelar



Vikinglandsbyen i Gudvangen

I Gudvangen finn du vikingbyen Njardarheimr. Her kan du oppleve historia og kulturen frå vikingetida. Vikingbyen er open for alle som er interessert i vikinghistorie og vil oppleve korleis vikingane levde, arbeidde og forma verda rundt seg. Her kan du delta i eit internasjonalt lokalsamfunn av vikingentusistar. Njardarheimr ønskjer alle velkomne til å oppleve levande historie og hjelpe oss med å bygge for framtidia, ved hjelp av fortida. Byen er bygd med privat, lokal finansiering og støtte frå gjestene.



Sogn Jord-og Hagebruksskule

- Utdanning i økologisk landbruk
- Fagskule i handverksysting
- Inn på Tunet
- Gardsbutikk



SJH

Sogn Jord- og Hagebruksskule

www.sjh.no



Bli kjent med historia

Otternes Bygdetun er eit klyngetun med 27 gamle bygningar fra 1700-talet. Frå tunet har du fantastisk utsikt mot Aurlandsfjorden. Bygdetunet ligg omtrent fire kilometer fra Flåm og

fem kilometer frå Aurlandsvangen. Før låg det fire gardar her. På det meste budde det over 60 personar på tunet, inkludert dei som budde i nærlieken og som jobba på gardane.

På Otternes får du kjensla av korleis livet var i gamle dagar. Ta deg ein runde på gardstunet, sjå på dei gamle bygningane og nyt den vakre utsikta mot fjorden og fjella.



CAFE Rallaren

Informasjon om Cafe Rallaren As

Cafe Rallaren held til på Myrdal stasjon. Me har sykkelutleige, suvenirbutikk, og i kafeen kan du kjøpe varm og kald mat, forfriskningar og forhåndsbestille Take Away Bags.

Sykkelturen mellom Myrdal og Flåm består av fantastiske naturopplevelsingar. Det er mange flotte plassar du kan stoppe for å ta bilder og å nyte Cafe Rallarens Take Away.

Cafe Rallaren er open frå 01. april - 31. oktober.
Sykkelutleiga opnar 1. juni. Syklane kan hentast mellom kl. 09.00 - 17.00

Etter sykkelturen leverer du sykkelen ved Flåm jernbanestasjon. Hjelm- og sykkeltransport tilbake til Myrdal er inkludert i prisen.

Stegastein utsiktspunkt

Frå utkikksplattformen Stegastein, 650 meter over Aurlandsfjorden, kan du nyte panoramautsikt utover fjord og fjell. Konstruksjonen går 30 meter ut frå fjellsida og er eit av det mest populære utkikkspunkta i området. På turstien opp til Stegastein kan du finne dagsturhytta på Vinjeåsen. Stegastein er ein del av Nasjonale turistveier fra Aurland til Lærdal, populært kalla «Snøveien». Du kjem deg hit med buss frå Flåm via Aurland. Meir spektakulær utsikt skal du leite lenge etter!



ØSTERBØ FJELLSTOVE


Stedet for glade fjellvandrere

Østerbø Fjellstove (820 m.o.h.) ligger i Aurland kommune i Vestland fylke. Fjellstova ligger idyllisk til ved Aurdalsvatnet midt i den vakre Aurlandsdalen, like ved fylkesvei 50 Aurland – Hol. Dette er en av hovedveiene mellom Oslo og Bergen, og det er kort avstand til Nærøyfjorden verdsarvområde, Sognefjorden, Flåm med Flåmsbanen, Stegastein og Borgund stavkirke.

Beliggenheten midt i Aurlandsdalen byr på spennende naturopplevelser. En kan legge opp dagsturer etter form og lyst. Det kan være høyfjellsturer, fiske i fjellvann, vandre på merkede/umerkede stier eller velge de gamle kløvstier.

Østerbø Fjellstove er utgangspunktet for fotturen fra Østerbø til Vassbygdi. Dette er siste dagsetappe av DNT's 3 – dagers fottur gjennom Aurlandsdalen med start på Finse. Du kan velge å gå fra hytte til hytte eller bruke oss som base for dagsetapper.

Østerbø Fjellstove har røtter tilbake til 1600-tallet. I dag er det en moderne fjellstove med de fleste faciliteter, hvor nytt og gammelt er i fin harmoni. Vi har et variert overnattingstilbud fra hotellrom, hytter, leiligheter til fjellstoverom med DNT priser og camping. Egen kurs og konferanseavdeling.





Aurland kommune
-det naturlege valet

Vangen 1, 5745 Aurland | Tlf: 57 63 29 00 | post@aurland.kommune.no | www.aurland.kommune.no

